



Arkivnr: 2014/10430-7

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		19.08.2014

Den kulturelle skolesekken - Fordeling av midlar for skuleåret 2014-2015

Samandrag

Hordaland fylkeskommune (HFK) er tildelt kr 16 435 310 til Den kulturelle skolesekken (DKS) for skuleåret 2014-2015. Midlane skal fordelast mellom grunnskulen og vidaregående opplæring. Berekningar med utgangspunkt i elevtal i grunnskulen og vidaregåande skule tilseier at kr 11 678 176 skal gå til grunnskulen, og dette beløpet skal vera utgangspunkt for fordeling av midlar til kommunane.

Frå og med kalenderåret 2014 skal all rapportering, både frå kommunane og fylkeskommunen gjerast pr. kalenderår. Tidlegare har berre økonomirapporteringa vore gjort pr. kalenderår, medan plan og rapport på aktivitet har vore gjort pr. skuleår.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar slik dei kjem fram av saka.
2. Midlar til DKS vert fordelt slik:

Total tildeling: kr 16 435 310

Tildeling til Bergen kommune: kr 4 650 119

Tildeling til resten av kommunane: kr 3 064 886

Tildeling til kursregionar: kr 250 000

Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule (HFK): kr 8 470 305

3. Tildeling til resten av kommunane blir fordelt slik:

Askøy	kr 248 128
Austevoll	kr 85 235
Austrheim	kr 40 433
Bømlo	kr 145 140
Eidfjord	kr 26 214
Etne	kr 59 795
Fedje	kr 25 292
Fitjar	kr 51 660
Fjell	kr 254 665
Fusa	kr 88 546
Granvin	kr 26 767
Jondal	kr 27 136
Kvam	kr 123 229

Meland	kr 90 250
Modalen	kr 24 647
Odda	kr 77 332
Os	kr 163 114
Osterøy	kr 126 183
Radøy	kr 70 757
Samnanger	kr 46 990
Stord	kr 168 713
Sund	kr 95 828
Sveio	kr 82 261
Tysnes	kr 61 202
Ullensvang	kr 71 846
Ulvik	kr 27 505

Kvinnherad	kr 209 886
Lindås	kr 181 203
Masfjorden	kr 44 839

Vaksdal	kr 66 302
Voss	kr 175 335
Øygarden	kr 78 451

Johnny Stiansen
konst. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.06.2014

Spelemidlar til Den kulturelle skolesekken i Hordaland

Hordaland fylkeskommune (HFK) er tildelt kr 16 435 310 til Den kulturelle skolesekken (DKS) for skuleåret 2014-2015. Midlane skal fordelast mellom grunnskulen og vidaregående opplæring. Berekingar med utgangspunkt i elevtal i grunnskule og vidaregåande skule tilseier at kr 11 678 176 skal gå til grunnskulen, og dette beløpet skal vera utgangspunkt for fordeling av midlar til kommunane.

Den 6. juni i år fordele Regjeringa kr 495,8 mill. av overskotet i Norsk Tipping AS til kulturføremål i 2014. Av desse midlane går kr 197,9 mill. til DKS, kr 133 mill. til kulturbygg og kr 148,8 mill. til frifond. Kr 15,4 mill. går til Den kulturelle spaserstokken.

Midlane til DKS går i hovudsak til fylkeskommunane, og blir fordelt etter ein fordelingsnøkkel der elevtal i både grunn- og vidaregåande skule, geografiske avstandar og kulturell infrastruktur inngår som variablar. Dei skal delvis nyttast av fylkeskommunen og delvis kanaliserast til kommunane; fylkeskommunen skal ha minimum ein tredjedel som skal nyttast til turnering/formidling av produksjonar i kommunane, og minimum ein tredjedel skal fordelast til kommunane med utgangspunkt i ein fordelingsnøkkel utarbeidd av Utdanningsdirektoratet. For å utløyse midlane må kommunane sende plan, rapport og rekneskap til godkjenning i fylkeskommunen. Den siste tredjedelen skal fylkeskommunen fordele slik det er mest hensiktsmessig. Spelemidlane til DKS skal i tråd med mål og prinsipp for ordninga nyttast til profesjonell kunst og kultur til skuleelevar, og kan ikkje nyttast til administrasjon og kompetansehevande tiltak.

Fordeling til kommunar i Hordaland

Kommunane skal ha minimum ein tredjedel av spelemidlane til fylket. Bergen kommune får midlane direkte tildelt via fylkeskommunen. Det vil seie at dei får heile sin del av totalsummen til Hordaland direkte tildelt, og har såleis sjølv ansvaret for å gje sine grunnskular tilbod. Tredjedelen som skal fordelast på dei andre kommunane er rekna utifrå summen som er igjen etter at Bergen har fått sin del. Ein stor del av elevmassen i grunnskulen i Hordaland er i Bergen, Bergen kommune får såleis opp mot 40 % av total tildeling til DKS i grunnskulen i Hordaland.

I Hordaland er det mange små kommunar med få elevar som med sin del av tredjedelen ville hatt lite midlar til lokale DKS-tilbod. I 2004 vedtok Kultur- og ressursutvalet derfor at kommunane skulle få eit tillegg slik at det vart mogleg å etablere kommunale DKS. Tillegga har vore justert i fleire omganger, og i 2007 vart det vedtatt nye tillegg som tok utgangspunkt i tal skular i kvar kommune. Denne modellen har vore nyttा sidan. Tillegget til kommunane er tatt frå den tredjedelen fylkeskommunen fordeler slik det er mest hensiktsmessig.

Frå den tredjedelen som tillegget til kommunane er tatt frå, går det også kr 50 000 til kvar av fem kursregionar i Hordaland. Desse vert nyttå til interkommunale samarbeid om DKS. Resterande del av tredjedelen går til styrking av HFK sin kunst- og kulturformidling, og vert såleis også nyttå til turnering/ formidling av produksjonar i kommunane.

Rapportering

Frå og med kalenderåret 2014 skal all rapportering, både frå fylkeskommunane og kommunane, gjerast pr. kalenderår. Tidlegare har berre økonomirapporteringa vore gjort pr. kalenderår, medan plan og rapport på aktivitet har vore gjort pr. skuleår. Rapporteringa for Hordaland fylkeskommune skal med bakgrunn i dette skje etter følgjande fristar:

- Budsjett og plan for 2015 1. desember 2014.
- Rapport på aktivitet for 2014 15. februar 2015.
- Revidert rekneskap for 2014 1. mai 2015

NB! Frist for rapportering og innsending av plan for kommunane vil bli justert etter ovanfor nemnde fristar.

Fordeling skuleåret 2014-2015

Fylkesrådmannen rår til at total tildeling på kr 16 435 310 til DKS i grunn- og vidaregåande skule vert fordelt slik:

Tildeling til Bergen kommune: kr 4 650 119

Tildeling til resten av kommunane: kr 3 064 886

Tildeling til kursregionar: kr 250 000

Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregående skule (HFK): kr 8 470 305
 Tildeling til resten av kommunane blir fordelt slik:

Askøy	kr 248 128	Meland	kr 90 250
Austevoll	kr 85 235	Modalen	kr 24 647
Austrheim	kr 40 433	Odda	kr 77 332
Bømlo	kr 145 140	Os	kr 163 114
Eidfjord	kr 26 214	Osterøy	kr 126 183
Etne	kr 59 795	Radøy	kr 70 757
Fedje	kr 25 292	Samnanger	kr 46 990
Fitjar	kr 51 660	Stord	kr 168 713
Fjell	kr 254 665	Sund	kr 95 828
Fusa	kr 88 546	Sveio	kr 82 261
Granvin	kr 26 767	Tysnes	kr 61 202
Jondal	kr 27 136	Ullensvang	kr 71 846
Kvam	kr 123 229	Ulvik	kr 27 505
Kvinnherad	kr 209 886	Vaksdal	kr 66 302
Lindås	kr 181 203	Voss	kr 175 335
Masfjorden	kr 44 839	Øygarden	kr 78 451

Vedlegg:

- Den kulturelle skolesekken: Fordeling av spillemedier for skoleåret 2014-2015.
 (Tildelingsbrev frå Kulturdepartementet.)
- Fordeling av midlar for skuleåret 2014-2015